

**Salg av billettar i resepsjonen på kulturhuset.  
Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00**


**Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08  
Billettsalg på nett: [www.surnadal-kulturhus.no](http://www.surnadal-kulturhus.no)**



FAMNTAK



ELEVAR FRÅ KULTURSKOLEN



[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)

# På Kino



## LEGENDEN OM VAKTUGLENE (NO.TALE)

Eventyr/Barnefilm | t. 39 min. 7 år

Den unge ugla Søren er fascinert av faren sine forteljingar om Vaktuglene av Ga'Hoole, ein mytisk flokk flygande krigarar som hadde utkjempa eit stort slag for å redde alle ugler frå «Dei einaste». Søren drømmer om å bli ein av desse heltane.

Snart blir draumen hans verkeleg, da han og broren Kludd må rømme frå «Dei einaste». Saman flyg dei over havet og gjennom skodda for å finne Det store streeet, heimen til dei legendariske Vaktuglene av Ga'Hoole. Dette er Søren sitt einaste håp for å overvinne «Dei einaste» og å redde ugleriket.



## SYKT LYKKELEG

Komedie | t. 28 min. 11 år

For Kaja (Agnes Kittelsen – Dag og Max Manus) er familien det viktigaste i verda. Ho er evig positiv til trass for at ho bur saman med ein mann som helst vil jakte med gutta, og som nekta å ha sex med henne fordi ho «ikkje er spesielt attraktiv» lenger. Pytt, pytt. Slik er det berre. Når så «det perfekte paret» flytter inn i nabohuset, blir det likevel vanskeleg å halde kjenslene i sjakk. Sykt lykkelig er ein komedie om utruskap, elgkjøtt, kvite og kolsvarte løgner, blowjobs og cottage cheese.



## TROLLJEGEREN

Mockumentary | t. 43 min. 11 år


Dei tre høgskulestudentane Thomas Schøien, Johanna Pedersen og Kalle Stensvik som går på medialinja i Volda får som skuleoppgåve å lage dokumentarfilm om ein lokal person. Dei fokuserer på ein folkesky mann som kjem til bygda med jamme mellomrom. Etter kvart som mannen opnar seg for ungdommane kjem det fram sider ved det norske samfunnet som får dei siste mediesensasjonane om politisk korrasjon, bevisplanting og landssvilk til å bleikne. «Trolljegeren» er verkeleg ein norsk film du aldri har sett maken til! Den har hausta stor internasjonal merksamhet og kan bli den største norske filmekspors-sukessen nokonsinne.



## SPIS ELSK LEV

Drama | t. 20 min. Alle

Elizabeth Gilbert (Julia Roberts) sitt liv er tilsynelatende perfekt. Ho og mannen prøver å få barn, ho har ein utfordrande jobb og ein vakker heim. Men alt dette druknar i Elizabeth sitt sterke ønske om å finne meinings med livet. Etter ein vond skilsmisse og periode med depresjon legg ho ut alene på ei lang reise til Italia, India og Indonesia. I løpet av denne turen finn ho både etterlengta balanse og kjærleik. Filmen er basert på den sær populære romanen med same namn.



## CORNELIS

Drama | t. 41 min. 11 år

Livet til Cornelis var eit hardt kunstnarliv som byrja på nytt like mange gonger som det havarerte. Men først og fremst er det ein film om ein mann som heile livet søkte etter kjærleik og stadfesting. I hovudrollen som visesongen Vreeswijk møter vi norske Hans-Erik Dyvik Husby, alias Hank von Helvete, som gjer ei fantastisk tolking av visekunstnaren. Husby er mest kjend som songar og frontfigur i bandet Turboneger. Filmen Cornelis er ein gripande, opprørande og vakker film, fylt med Vreeswijk sin flotte musikk.



## MEGAHJERNE (NO.TALE)

Barnefilm/animasjon | t. 35 min. 7 år

Møt skurken som er så dårleg til å vere slem at han kanskje er super til å vere snill.

Megahjernen er den mest brillante superskurken verda nokon gong har sett (og den minst suksessrike). I løpet av åra har han prøvd å erobre Metro City på alle tenkjelege måtar, og kvar gong går det gale takka vere superhelten Metro Man. Men så skjer det noko uventa med ein av dei slemme planane, og Megahjernen klarer faktisk å overvinne Metro Man. Plutseleg er skjebnen til Metro City trua av ein ny skurk som skapar kaos og får alle til å tenke: Kan den største hjernen i verda redde oss alle?



## UNSTOPPABLE

Actionthriller | t. 38 min. 11 år

Ein menneskeleg feil fører til at eit tog utan førar, men med tonnevis av farlege kjemikaliar, knuser alt på sin veg. Sjølv om myndighetene sender ut fleire avdelingar for å få kontroll over toget, mislykka dei alle saman. Toget har stødig kurs mot ein liten by, og om toget når byen vil det bli ei ufattelig katastrofe. Lokførarane Frank og Will vil risikere livet for å stoppe toget. Frank (Denzel Washington), med si lange erfaring, og Will (Chris Pine), med ungdomsmeleg styrke og mot, utgjer eit team som får pulsen og hjartet til å rase mot ein nervepirrande slutt ...



# Aktivitetar

## FOAJEEN

4.12. Kaffekonsert i foajeen

Kulturskolen med song og musikk. Kafeen serverer kaffe og noko å bite i.

## STORSTUÅ

8.12. Juleforestilling.

Dans, drama og musikkelevar viser eit mangfald av det dei har arbeidd med i haust.

## FOAJEEN

11.12. Tordenskjold Sangkor.

Tordenskjold held konsert i foajeen. Servering.

## STORSTUÅ

11.12. Konsert med Famntak.

Famntak er tilbake! Den uhyre populære gruppa gjer comeback i Surnadal kulturhus.

Famntak erobra Surnadal i 2003. Gruppa presterte det kunststykket å fylle Storstuå i kulturhuset tre gonger under Vårsøghelga det året. Sia vart det mange konserter på og utanfor Nordmøre, spelning i fjernsyn, og ikkje minst to sterke CD-ar.

Dei siste åra har det vore roleg rundt Famntak, fordi dei fire dyktige medlemmene har kvar sin karriere å skjøtte. Men Trygve Brøske, Tone Søyset Døving, Jostein Ansnes og Anders Larsen grip sjangsen når han no byr seg på heimebane, og vi gler oss til alle tiders konsert to små veker før jula ringer inn.

I tillegg til "gamle" slagerar, vil vi også by på nye songar – mellom anna til tekster av surnadalsfornfattaren Tiger Garte'. Da kalenderen går i trykken er første konsert utseld så vi set opp ekstrakonsert kl. 20.00.

## Mykje å gle seg til

19.1. Nyttårskonsert med TrondheimSolistene.

21.1.– 25.1. Elevar ved Nordmøre Folkehøgskole med utstilling i Finstuå.

29.1. Ungdomens kulturmønstring.

14.2. KIN rock.

16.2. Teatret Vårt med forestillinga Enron.

19.2 "Klypa". Humorshow/standup.

23.2.– 26.2. Russerevy.

## Opningstider på biblioteket.

Måndag	11.00 – 19.00	Tysdag	11.00 – 16.00	Onsdag	11.00 – 19.00
Torsdag	11.00 – 16.00	Fredag	11.00 – 15.00	Laurdag	11.00 – 14.00



## Den "lyse" mørketida!

Desember er den mørkaste månaden i året, men på mange måtar er det også ein lys månad.

Vi forbind denne månaden ofte med talglys og førjulskos, og ikkje minst god mat. Vårsøg Hotell har julebord kvar helg fram til jul, med dans i Sandeman Bar etter maten. Sandeman Bar er open både for julebordsgjestar og for andre.

I julebordssesongen ønskjer vi at alle som skal ut på hotellet kler seg til fest.

I romjula har vi ope i Horisonten Restaurant, Sandeman Bar, Musters Pub, Den Glade Laks og sist, men ikkje minst, opnar diskoteket Råkk dørene 2. juledag og held ope i jula.

For bordbestilling i Horisonten Restaurant, ta kontakt med hotellet seinast 20. desember.

Sjå meir informasjon inne i kalenderen.

**Vårsøg Hotell ønskjer alle sine gjester og besøkjande ei fin førjulstid og ei riktig god jul!**

# God jul!

*Vi minner om:....*

- desember er årets mest brannfarlige måned
- kontroller at røykvarsleren fungerer
- kontrollere brannslokkeapparatet
- pass på ved matlagning – hver 10. brann starter på komfyren
- forlat ikke et rom med levende lys
- bruk oppvaskmaskin, vaske-maskin og tørketrommel bare når du er våken og tilstede i boligen
- lag en brannøvelse i hjemmet og gjør alle i familien kjent med rømningsveier, røykvarsler og slokkeutstyr



**GJENSIDIGE**  
Surnadal

Besök oss i AMFI Surnadal

Tlf 03100

[surnadal@gjensidige.no](mailto:surnadal@gjensidige.no)

[www.surnadal-gjensidige.no](http://www.surnadal-gjensidige.no)

# Kulturhuset

# Hotelle

	Dag	Dato	Kl	Forestilling	Sal	Alder	Tid	Dette skal eg på (Set X)
Veke 48	Ons	I	18.00	Grusomme meg (no. tale)	Kammerset	Alle	1.34	
	Ons	I	20.30	Wall Street: Money Never Sleeps	Kammerset	Alle	2.13	
	Fre	3	18.00	Legenden om Vaktuglene (no. tale)	Kammerset	7	1.39	
	Fre	3	20.30	Sykt lykkelig	Kammerset	11	1.28	
	Laur	4	12.00	<b>Kaffekonsert med kulturskolen</b>	Foajeen	Alle		
	Søn	5	18.00	Legenden om Vaktuglene (no. tale)	Kammerset	7	1.39	
	Søn	5	20.30	Sykt lykkelig	Kammerset	11	1.28	
Veke 49	Ons	8	18.00	<b>Juleforestilling. Dans, drama og musikklever ved kulturskolen</b>	Storstuå	Alle		
	Ons	8	18.00	Legenden om Vaktuglene (no. tale)	Kammerset	7	1.39	
	Ons	8	20.30	Sykt lykkelig	Kammerset	11	1.28	
	Fre	10	18.00	Trolljegeren	Kammerset	11	1.43	
	Fre	10	20.30	Spis Elsk Lev	Kammerset	Alle	2.20	
	Laur	11	15.00	<b>Konsert med songkoret Tordenskjold</b>	Foajeen	Alle		
	Laur	11	18.00	<b>Julekonsert med Famntak</b>	Storstuå	Alle		
	Laur	11	20.00	<b>Julekonsert med Famntak</b>	Storstuå	Alle		
	Søn	12	18.00	Spis Elsk Lev	Kammerset	Alle	2.20	
	Søn	12	20.30	Trolljegeren	Kammerset	11	1.43	
Veke 50	Ons	15	18.00	Trolljegeren	Kammerset	11	1.43	
	Ons	15	20.30	Spis Elsk Lev	Kammerset	Alle	2.20	
	Fre	17	18.00	Trolljegeren	Kammerset	11	1.43	
	Fre	17	20.30	Cornelis	Kammerset	11	1.41	
	Søn	19	18.00	Cornelis	Kammerset	11	1.41	
	Søn	19	20.30	Trolljegeren	Kammerset	11	1.43	
Veke 51	Ons	22	18.00	Trolljegeren	Kammerset	11	1.43	
	Ons	22	20.30	Cornelis	Kammerset	11	1.41	
Veke 52	Man	27	18.00	Megahjerne (no. tale)	Kammerset	7	1.35	
	Man	27	20.30	Unstoppable	Kammerset	11	1.38	
	Tir	28	18.00	Megahjerne (no. tale)	Kammerset	7	1.35	
	Tir	28	20.30	Unstoppable	Kammerset	11	1.38	
	Ons	29	18.00	Megahjerne (no. tale)	Kammerset	7	1.35	
	Ons	29	20.30	Unstoppable	Kammerset	11	1.38	
	Tor	30	18.00	Megahjerne (no. tale)	Kammerset	7	1.35	
	Tor	30	20.30	Unstoppable	Kammerset	11	1.38	

Billettbestilling kulturhuset 71 65 71 08 / 71 65 71 00 / [www.surnadal-kulturhus.no](http://www.surnadal-kulturhus.no)

## Ut ein tur?

